

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Tysdag 25.06 kl 11.30 – kl 13.30
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bjørn Arne Skoglund, Sunniva Skogan (vara for Tone Rubach), Bente Børsheim, Merethe Sund og Arne Flatmo (vara for Svein Inge Jakobsen)
Forfall: Tone Rubach og Svein Inge Jakobsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppe region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 25.06.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 18. – 19.06 Merethe orienterte om at Endre også deltok i styremøtet som 1. vara. Resultat 90 mill over fjoråret i fyrste tertial. Nedgang i merkevare Gilde, men nedgang bremsa opp i løpet av våren. Auke i merkevare Prior. PROFF og industrimarknad vekst. Kostnadsvekst på energi, auka aktivitet i døtre, m.m. Avtaleinnmelding 7 veker for storfe vert innført. Småfe: Stjernelam undekning i fht finansiering. Auka trekk på nødslakt for sjølvfinansiering. Klassifisering storfe evaluerast i løpet av hausten. Gris: Ein del på reg lager med kort haldbarheit. Egg: Førtidsslakting. Sau/lam: Lite uttak av lam frå reg lager. Ekstra frysefrådrag på sau berre fyrste halvår. Eksport av sau til Oman til god pris, lågare kostnad enn til pelsdyrfôr. Skal i større grad ha klyving av vaksen sau, finansiert med trekk i nettoføringa. Distribusjon: Jobbar for lik løysing for alle kjedene, med gode styringssignal. Gjennomgang av kundestrategi. Eigarløft for haldningsskapande arbeid på dyrevelferd. Filmen i NRK Brennpunkt: Berre ein leverandør til Nortura, 70 % av produsentar og slakteri har ikkje tilknytning til Nortura. Nortura tatt større belastning enn andre aktørar. Gilde og reklame vart vist i filmen, difor offensiv reklame no. Endre la til at nye anlegg som har innført SAP har gått greit. Svein fått mange tilbakemeldingar på filmen, og ynskte ei runde på den. AU Nord har mottatt brev frå kretsutvalet i Bindal, stila til styret, med reaksjonar på reklamekampanjen i etterkant av filmen. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Filmen var skrekkeleg, likevel venta. Skal ikkje ha med oss slike produsentar vidare, viktig å vere tydelege på. Reklamen kan snuast til vår fordel med fokus på Edelgrisen, for å vise at vi er godt i gang, og hente ut meirpris. Konkurrentane slepp billeg unna, særleg på slaktinga.• Styret kunne sendt brev til eigarane med fakta om kor stor andel av filmen som gjeld Nortura, slik at eigarane kan spre den infoen.• Viktig å få fram Dyrevelferdsprogrammet på gris.• Fatland har kalla inn sine produsentar til møter før ferien. Også tatt sterk avstand frå filmen.• Rett at vi gjekk ut med reklamen, men skulle i større grad sagt at det ikkje er hos oss, særleg frå slakteriet. Bjørn Tore Arnes har kontakta Endre, fleire opprørte over reklamen, fryktar at produsentar ikkje har standarden for dyrevelferd som vert lova.• Avlving av smågris føregår nok som i filmen. Ganske mange slurvar med avbløding av smågris. Behandling med å dra etter øyre og utsetje avlving skjer	

ikkje i stor grad. Irritert over kommentarar på stordrift og industri. Dei som driv opp mot konsesjon har ikkje råd til å slurve med dyrevelferd, det betaler seg. Dei største produsentane har flest besøk. Mogeleg mindre produsentar har større utfordringar, med andre produksjonar i tillegg. Redd for å legge ut film på Facebook, av frykt for å verte tatt for noko. Treng haldningsendring.

- Investerer for meir effektiv drift som gjer det mogeleg med meir tidsbruk på dyra.
- Brev frå Bindal krets med kritikk av annonsa. Vi har fortsatt ein veg å gå med oppfølging og haldningsendring.
- Brevet er stila til styret, og AU Nord treng ikkje uttale seg eller kommentere det.
- Kretsutvalet i Balsfjord/Storfjord har hatt møte i dag. Miener timinga av annonsa var dårleg, burde hatt info kampanje om kva som er gjort på gris i staden.
- Laurdag kom ny annonse med meir info, skulle truleg ha starta med den i staden.
- AU Nord registrerer kommentarane i brevet og vidaresender til styret.
- Oppfordring: Engasjement og energi hos eigarane må nyttast til å løfte fram kvarandre.
- Vi ser no på oss sjølve med litt kritiske auger.
- Svein sender forslag til uttale til brevet frå AU på høyring til AU
- I Vega krets vert det eit møte i morgon kveld. TINE er i gang med eit dyrevelferdsløft. Vi treng å kalibrere oss om vi er flinke nok, må gjelde heile næringa og løfte heile næringa.
- Nortura er i gang med velferdsprogram på storfe, synkronisert med TINE. Fokus kjem også på andre dyreslag. Arne har hatt mange tlf frå produsentar, mange er skuffa over at folk flest får inntrykk av at dette gjeld kun Nortura. Fleire svineprodusentar filmar i eigen fjøs for dokumentasjon.
- Egg køyrer i gang velferdsprogram i samarbeid med Rema.
- Svein er kontakta av journalist med spørsmål om morrase i kyllingproduksjonen.
- Ser vi noko på salet etter filmen?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Brev til styret frå kretsutvalet i Bindal: AU Nord tek brevet til orientering, sidan det er stila til styret.

2 Oppnemning av ressursgrupper

Utsett frå forrige møte. Fred Tore vart då oppfordra til å vurdere endring av omsyn til geografisk fordeling.

Kvart AU-medlem vurderer behov for endringar i sine ressursgrupper, og kjem i så fall med forslag til møtet.

Innspel:

- Fred Tore har prata med Peter D Nicolaisen om å sitje i ressursgruppe storfe for å få geografisk spreiding. Får tilbakemelding i løpet av veka.
- Ingen forslag til endringar ut over det.
- Tone føreslår ressursgruppe seinare.

Fred Tore

Tone

Vedtak: AU vedtek nye ressursgrupper, jf vedlegg.

3 Orientering frå fagutvala og ansvars-kretsane

Svein har hatt tlf runde med sine kretsleiarar, og bedt dei kontakte produsentar som meiner dei har fått feil storfeklassifisering. Fleire meiner dei har gått ned i klasse og fått redusert oppgjær. Mange let vere å klage, Svein har oppfordra dei til det. Ellers ikkje mykje aktivitet.

Endre har hatt kontakt med eigen krets, skal fylgje opp Troms-kretsane.

Bente orienterte om tlf møter i fagutval gris i forkant av filmen. Samarbeid med Bondelaget, KLF og Norsvin har fungert bra, samhald treng vi no. Reknar med dropp i salet. Kan dra til vår fordel med bevisste forbrukarar, må dokumentere godt nok.

Oppfordring til styret og ansatte om å verte tydelegare på kva vi krev og konsekvens om ikkje å få levere. Vanskeleg å vere rådgjevar, skryt til rådgjevarane i region Nord.

Bjørn Arne orienterte om at fagutval egg ikkje har hatt møte sidan sist. Prisauke 1. juni for velferdstiltak til Rema. Hatt kretsutvalsmøte i ansvarskretsane.

Fred Tore har vore på møte i fagutval storfe. Klassifiseringssystem og prising kalv var tema. Reduksjon i pris kan føre til at selgar slaktar framfor å selje kalv. Klassifiseringssystemet vert evaluert.

Sunniva orienterte om at kretsen Storfjord/Balsfjord skal stille på Balsfjordmessa til helga med profilering av Thulefjord, Ellers planlagt sláttegraut med TINE og FK, julebord i samarbeid med andre org og slakteribesøk i aug/sept forkant av sesong.

Spørsmål/kommentarar:

- Mottakspunkt og evt fakturering av kostnad ved handtering av dårleg dyrevelferd vert drøfta no.
- Tøft å vere svinerådgjevar, særleg i region Vest. Fjøsar i region Nord er stengt i samråd med Mattilsynet, også fjøsar i region Øst og Midt vert vurdert. Rådgjevarane får oversikt over produsentar med anmerkingar, skal kontakte dei som ligg over nivået for Griseløftet.
- Kva type prising har vi på dyrevelferd?
- Eggkontroll, KSL, dyrevelferdsprogram på gris, m.m.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 **Orientering frå Medlem og Drift region Nord**

Arne orienterte om markant auke i sal av Thulefjord, tilgjengeleg i alle Coop-butikkar. Gjort god jobb mot Rema også. Norgesgruppen har ikkje listing. Fagleg aktivitet planlagt på rådgjevarsamling i forrige veke. Prosjekt i Troms og Finnmark på storfe og småfe, planlagt møterunder i Finnmark i veke 35 på småfe og storfe og veke 41 på storfe, veke 44, 45 og besøksrunde storfe i veke 47. Troms 36, 41 og 45. Også aktivitet i Nordland. Presentasjon av ny rådgjevar storfe; Emma Lorentsen.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 **Eventuelt**